



Johan Kaldestad Feet er leiar i Elveigarlaget (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret i Uskedal Elveigarlag melder i samband med reportasjen tidlegare i dag at informasjon på tavlene kjem på plass straks.

Ein har ikkje makta dette til no. Arbeidet har vore samla om ferdigstilling av heimesida,

eit godt tiltak som vi veit tilreisande fiskarar brukar.

Infotavlene skal målast og alle skilt skal på plass.

Desinfinsering av fiskeutstyr gjeld for dei som har brukt dette i andre vassdrag, ikkje for dei som berre brukar Uskedalselva.

Betalt despositum vert refundert ved innlevering av fiskerapport på Spar Uskedalen. Ikkje send dette til styret.

Då skulle det meste vera på plass. La oss samla oss om Uskedalselva og all den positive merksemd bygda oppnår med kultivering og forvaltning av ein viktig ressurs for fellesskapet.

Tekst: Kristian Olav Bringedal